



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 7

(2001-2002)

Om lov om endringer i aksjelovgivning
m.m.

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 5.oktober 2001,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innhaldet i proposisjonen

1.1 Ny framlegging av lovframlegget i Ot.prp. nr. 68 (2000-2001) Om lov om endringer i aksjelovgivingen m.m.

Regjeringa gjer i denne proposisjonen framlegg til lov om endringer i aksjelovgivinga m.m. Med to unntak, som det er gjort greie for i avsnitt 1.2, svarer framlegget til framlegget i Ot.prp. nr. 68 (2000-2001) Om lov om endringer i aksjelovgivingen m.m. som vart sett fram for Odelstinget i den førre sesjonen. Framlegget i Ot.prp. nr. 68 (2000-2001) vart ikkje handsama i den sesjonen. Etter forretningsordenen for Stortinget § 33 tredje ledd må Regjeringa setje framlegget fram att i den nye valperioden. I proposisjonen her er det, med dei tillegg som det blir gjort greie for under 1.2, tatt inn eit likelydande lovframlegg som i Ot.prp. nr. 68 (2000-2001). For lovmotiva visast det til den proposisjonen.

1.2 Endring av aksjelova § 14-10 og allmennaksjelova § 14-10

EFTA Surveillance Authority (ESA) utferda 1. juni 2001 eit opningsbrev («letter of formal notice») om den norske gjennomføringa av sjette selskapsdirektiv (82/891/EØF) om fisjon. ESA konkluderer i brevet med at allmennaksjelova § 14-10, jf. § 13-23, ikkje er i samsvar med art. 19 nr. 1 bokstav h i direktivet. Avtalen mellom EFTA-statane om å opprette eit overvåkingsorgan og ein domstol art. 31 slår fast at etter at vedkomande stat har uttala seg om opningsbrevet, kan ESA gi ei såkalla grunngjeven fråsegn. Om staten ikkje retter seg etter denne, kan ESA bringe saka inn for EFTA-domstolen. Som svar på opningsbrevet uttalte Justisdepartementet i brev 5. september 2001 at departementet er samd i denne konklusjonen i opningsbrevet, og at det vil gjere framlegg om å endre allmennaksjelova § 14-10.

Allmennaksjelova § 14-10 gjeld ugyldige fisjonar, og fastset at reglane om ugyldige fusjonar i §§ 13-20 til 13-23 gjeld tilsvarande. I § 13-23 heiter det at når eit vedtak av generalforsamlinga om fusjon er kjent ugyldig, er selskapet solidarisk ansvarleg med dei andre selskapa som tar del i fusjonen, for dei skyldnadene som har oppstått etter at verknadene av fusjonen skulle ha sette inn, men før kunngjeringa av dommen om at fusjonen er ugyldig.

Sjette selskapsdirektiv art. 19 nr. 1 bokstav h lyder:

«det enkelte mottakende selskap skal være ansvarlig for de forpliktelser som påhviler selskapet og som er oppstått etter den dag da delingen trådte i kraft og før den dag da rettsavgjørelsen som kjenner delingen ugyldig ble offentliggjort. Selskapet som er delt skal også være ansvarlig for disse forpliktelser; medlemsstatene kan bestemme at dette ansvaret begrenses til den del av nettoverdien som er tildelt det mottakende selskap som har pådratt seg slike forpliktelser.»

ESA meiner at regelen i allmennaksjelova ikkje er i samsvar med direktivet ved fisjonar der det er fleire overtakande selskap. I slike tilfelle krev direktivet at det einskilde overtakande selskapet er ansvarleg berre for dei skyldnadene

som dette selskapet har pådratt seg. Allmennaksjelova § 14-10, jf. § 13-23, inneber at alle dei overtakande selskapa er solidarisk ansvarlege. Etter det departementet kan sjå, kjem problemet berre på spissen ved fisjonar der det er to eller fleire overtakande selskap, og dei overtakande selskapa som ikkje har pådratt skyldnaden er eksisterande selskap, slik at dei held fram med å eksistere etter at fisjonen er kjent ugyldig. Departementet gjer etter dette framlegg om ei endring av allmennaksjelova § 14-10 slik at det i eit nytt andre punktum blir presisert at der det er fleire overtakande selskap som har tatt del i fisjonen, er det berre det selskapet som har pådratt skyldnaden som er ansvarleg.

Sjette selskapsdirektiv gjeld berre allmennaksjeselskap, ikkje aksjeselskap. Departementet gjer likevel framlegg om ei tilsvarande endring av aksjelova § 14-10. Det er ingen reell grunn til at dei to lovene skal ha ulike reglar på dette punktet, og direktivet gir etter departementet sitt syn ei betre løysing enn dei gjeldande reglane i aksjelova og allmennaksjelova.

Framlegget om endring av aksjelova og allmennaksjelova § 14-10 har ikkje vore på høyring, da departementet har vurdert dette som unødvendig.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i aksjelovgivinga m.m.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i aksjelovgivinga m.m. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i aksjelovgivinga m.m.

I

I lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) skal § 18 fjerde ledd lyde:

Annet ledd gjelder ikke saksframlegg med vedlegg som blir gitt til et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ.

II

I lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer skal § 21 nr. 3 tredje punktum lyde:

Nr. 2 *tredjepunktum* gjelder tilsvarende.

III

I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven) skal § 1-3 andre ledd nytt andre punktum lyde:

Fristdagen ved avvikling etter konkurslovens og dekningslovens regler av aksjeselskaper i medhold av aksjeloven § 16-14, jf. § 16-18, og av allmennaksjeselskaper etter allmennaksjeloven § 16-14, jf. § 16-18, er dagen da skifteretten traff kjennelse om å overta ansvaret for avviklingen.

IV

I lov 16. juni 1989 nr. 69 om forsikringsavtaler vert det gjort følgjande endringar:

I § 8-2 skal paragrafoverskrifta lyde:

§ 8-2 (*fastsetting og utbetaling av erstatning*)

§ 8-2 nytt tredje ledd skal lyde:

Kongen kan i forskrift gi regler om saksbehandlingen og kostnadsfordelingen ved taksering av skade i forbindelse med skadeoppgjør.

V

I lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjeloven) vert det gjort følgjande endringar:

§ 1-4 første ledd skal lyde:

(1) Følgende regler om morselskap gjelder også når morselskapet er allmennaksjeselskap: § 3-9, § 6-5, § 6-16 første ledd, § 8-5, §§ 8-7 til 8-10 og § 9-8.

§ 1-4 andre ledd første punktum skal lyde:

Følgende regler om datterselskap gjelder også for datterselskap med utenlandsk morselskap: § 4-26, § 6-16 første ledd, § 8-7 første og annet ledd, §§ 8-8 til 8-10, § 9-1 første ledd og § 9-8.

§ 1-4 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Reglene i §§ 4-26 og 6-16 gjelder ikke for utenlandsk datterselskap.

§ 2-8 andre ledd nye fjerde og femte punktum skal lyde:

Kongen kan gi forskrift med nærmere regler om kravet til åpningsbalanse. I forskriften kan det gjøres unntak fra reglene i første til tredje punktum.

§ 12-2 andre ledd første punktum skal lyde:

Beslutning som nevnt i § 12-1 første ledd nr 2 eller 3 kan ikke gjelde større beløp enn at det etter nedsettingen er full dekning for den gjenværende aksjekapitalen og selskapets bundne egenkapital etter § 8-1 første ledd.

§ 14-10 nytt andre punktum skal lyde:

§ 13-22 gjelder likevel slik at hvis det er flere overtakende selskaper som deltar i fisjonen, er et overtakende selskap ikke ansvarlig for forpliktelser som er pådratt av andre overtakende selskaper.

§ 15-1 andre ledd andre punktum skal lyde:

Allmennaksjelovens regler om redegjørelse i § 2-6 og åpningsbalanse i § 2-8 gjelder tilsvarende, likevel slik at åpningsbalansen med revisors erklæring tidligst skal være datert åtte uker før generalforsamlingens beslutning.

VI

I lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper (allmennaksjeloven) vert det gjort følgjande endringar:

§ 1-4 første ledd skal lyde:

(1) Følgende regler om morselskap gjelder også når morselskapet er aksjeselskap: § 3-9, § 6-5, § 6-16 første ledd, § 6-35 femte ledd, § 8-5, §§ 8-7 til 8-10 og § 9-8.

§ 1-4 andre ledd første punktum skal lyde:

Følgende regler om datterselskap gjelder også for datterselskap med utenlandsk morselskap: § 4-25, § 6-16 første ledd, § 8-7 første og annet ledd, §§ 8-8 til 8-10, § 9-1 første ledd og § 9-8.

§ 1-4 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Reglene i §§ 4-25 og 6-16 gjelder ikke for utenlandsk datterselskap.

§ 2-8 andre ledd nye fjerde og femte punktum skal lyde:

Kongen kan gi forskrift med nærmere regler om kravet til åpningsbalanse. I forskriften kan det gjøres unntak fra reglene i første til tredje punktum.

§ 12-2 andre ledd første punktum skal lyde:

Beslutning som nevnt i § 12-1 første ledd nr 2 eller 3, kan ikke gjelde større beløp enn at det etter nedsettingen er full dekning for den gjenværende aksjekapitalen og selskapets bundne egenkapital etter § 8-1 første ledd.

§ 13-8 nr. 3 tredje punktum skal lyde:

Kongen kan ved forskrift fastsette unntak fra og gi nærmere regler om kravet til mellombalanser, og kan fastsette andre krav til revisjon av mellombalanser enn det som følger av annet punktum.

§ 14-10 nytt andre punktum skal lyde:

§ 13-23 gjelder likevel slik at hvis det er flere overtakende selskaper som deltar i fisjonen, er et overtakende selskap ikke ansvarlig for forpliktelser som er pådratt av andre overtakende selskaper.

VII

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilde føresegnene til ulik tid. Endringane i del I, II og IV gjeld likevel straks.

